



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Marit Lunde  
Telefon: 57643005  
E-post: [fmsfmlu@fylkesmannen.no](mailto:fmsfmlu@fylkesmannen.no)

Vår dato  
22.09.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/3429- 321  
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane

## Ekstra tildeling til akuttberedskap i kommunalt barnevern 2017

Fylkesmannen tildelte fornyingsmidlar for 3,2 mill. kroner i første runde i år, der 477 000 kroner gjekk til akuttberedskap i barnevernet. Restsum til disposisjon var ca. 0,7 mill. kroner, og arbeidsutvalet for fornying i off. sektor vedtok ei ekstra utlysingsrunde i haust, for at fleire av kommunane kunne søke om økonomisk støtte for å etablere akuttberedskap i det kommunale barnevernet.

Vi har vurdert alle søknadene for året under eitt. Midlane er fordelte ut frå folketal, med kr 11 per innbyggjar, og ei avrunding til heile tusen kr. Nokre av kommunane som søkte i første runde har derfor fått noko ekstra i runde to etter korrigering for folketal.

Total sum midlar til akuttberedskap i barnevernet gir slik fordeling i kroner:

Kommune	Løyving 1. runde	Løyving 2. runde	Samla
Flora m/Gaular, Førde, Jølster og Naustdal Tillegg etter korrigering av folketal	217 000	157 000	374 000
Sogndal m/Balestrand, Leikanger, Luster I tillegg Vik, Høyanger og Årdal i runde 2 Tillegg etter korrigering for folketal	120 000	135 000 65 000	320 000
Gloppen, Stryn, Eid Tillegg etter korrigering for folketal	140 000	71 000	211 000
Bremanger		42 000	42 000
Selje		31 000	31 000
Hornindal		15 000	15 000
Vågsøy		67 000	67 000
Fjaler m/Askvoll, Solund, Hyllestad		90 000	90 000
<b>Samla tildeling</b>	<b>477 000</b>	<b>673 000</b>	<b>1 150 000</b>

Kommunane Lærdal og Aurland vil etablere ei eiga vaktordning, men har ikkje søkt om midlar. Gulen kommune har eit samarbeid med kommunane i Nord Hordaland, og har ikkje søkt om midlar.

Midlane vert utbetalte i oktober. Vilkår for tildeling er at søkjaren sender ein sluttrapport per 30.06.2018. Rapporten skal sendast inn via basen for prosjektskjønn.

Fylkesmannen kan trekkje attende løyvinga dersom det viser seg at prosjektet ikkje følgjer planen for gjennomføring.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*